



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Solund kommune  
Postboks 73  
6921 HARDBAKKE

Dykkar ref

Vår ref  
11/1314-55

Dato  
23.8.2012

**Statsbudsjettet 2012 - Kap. 552, post 72 - Tilsegn om tilskot på inntil 1 200 000 kroner til Solund kommune og prosjektet Solund til 1000 - Bulyst 2012**

Tilsegningsnummer: 12242054

Vi viser til vårt tilsegnsbrev av 25. oktober 2011, der Solund kommune fekk tildela 700 000 kroner til prosjektet Solund til 1000 for 2011. I brevet skreiv vi bl.a. følgjande:  
*"Under føresetnad om Stortinget sitt budsjettvedtak i 2012 vil departementet støtte prosjektet også i 2012, med kr 1 200 000. KRD vil sende eit nytt tilskotsbrev i 2012, etter at årleg rapport er motteke, sjå punktet om rapportering og kontroll seinare i dette brevet".*

Ettersom årleg rapport no er motteke gir Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) tilsot på inntil kr 1 200 000, til prosjektet Solund til 1000 i Solund kommune i 2012. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Vi viser og til informasjon i brevet av 25. oktober 2011 og vilkår for tilskotet som og er gjeldande for dette tilskotet som tildelas for 2012. Tilskotet er gyldig i tilsegnsåret, og dei to påfølgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2014. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2014.

### Høvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert høvet til EØS-regelverket i forbindelse med tildeling av bulystmidlar. Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert det slik at Solund kommune i denne samanhengen ikkje driv med økonomisk aktivitet og at kommunen ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen sin forstand.

EØS-avtalen sine reglar om offentleg stønad vert difor ikkje brukt på tilskotet.

Vi ber kommunen vere merksam på at dersom kommunen vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må kommunen halde seg til reglane om offentleg stønad.

Kommunen bør også vere merksam på at dersom det vert gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å være økonomisk. I slike høver vil reglane om offentleg stønad kunne kome til nytte.

Med helsing

Gerd Slinning (e.f.)  
avdelingsdirektør

Lise Østby  
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Kopi til:

Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset	6863	LEIKANGER
Plan- og administrasjonsavdelingen			
Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER